

## Årsmelding for Eldrerådet i Øystre Slidre 2024

### Medlem

Anne Berit Bolstad

Liv Heitun Eriksen AP

Magne Egil Mjøs SP

Berit Robøle Hegge (leiar)

Kristian Ekerbakke (nestleiar)

### Varamedlem

Anne Nora Alund

Inga Olsen AP

Bente Oxhovd H

Anne Marie Steinsrud

Erik Gjerdalen fram til oktober ,  
Magne Skjel frå november

Eldrerådet har hatt sju ordinære møter, eitt av desse saman med Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Ungdomsrådet.

På dette møtet informerte leiarane på Helsetunet om sine prosjekt «Rusta for framtida», «Tørn» og arbeidet med å få til eit meir demensvenleg samfunn.

Leiaren for Frivilligsentralen informerte om deira aktivitetar.

Leiar og nestleiar møtte på regionalt møte for alle eldreråd i Valdres, i Sør Aurdal 25.januar. Som nyvalde medlemmar var det nyttig og lærerikt å møte dei andre eldreråda, og fleire interessante tema vart presentert.

Leiar og eit medlem til møtte på fylkes-samling for alle kommunale eldreråd i Innlandet 3.og 4.juni på Lillehammer. 43 av 46 kommunar var representert. Det var mange interessante foredrag, m.a vedrørande den store digitale utfordringa for eldre i dagens samfunn .

Rådet har vore representert på to møter i samhandlingsrådet for Frivilligsentralen.

Leiar møtte på Dialogmøte for kommunestyret 5.september, der dei ulike leiarane i kommunen informerte om stoda i sine respektive sektorar.

På bakgrunn av kjennskapen til behov for opplæring av eldre i bruk av digitale hjelpemiddel, vart ordføraren invitert til møte for å diskutere korleis kommunen kan gje tilbod om dette. Ulike strategiar vart diskutert og leiaren for helse og opplæring tok etter kvart kontakt for å få til vidare samarbeid om dette. Der er von om å få i gang tilbodet utpå nyåret 2025.

Kommunedirektøren har i møte informert rådet om revidering av arealdelen til kommuneplanen, samt om budsjett-og økonomiplan. Rådet har sendt innspel til både planane.

Leiar har elles hatt informative møter med kommunedirektøren, samt leiarane på Helsetunet.

Frå Vestre Slidre eldreråd fekk alle råda i Valdres oppmoding om å støtte deira innspel til Justisdepartementet når det gjaldt innhald i Domstolloven § 70 vedrørende aldersgrense for deltaking i rettsvesenet. Det vart sendt samla innspel frå eldreråda i Valdres, med oppmoding om å fjerne øvre aldersgrense på 70år.

I samband med markering av Eldredagen i haust, hadde to av medlemmane samarbeid med Kultursjefen og personalet på Helsetunet. Dagen vart markert den 22.oktober med opningsseremoni ved Dagsturhytta ved Furustrand og gangvegen dit. Det vart etterpå samling på Helsetunet til rummegrout og saft, samt kaffe og kringle og allsang til akkopianjemang av Torgeir Onstad og Toralf Baldersheim. Her vart medlemmane i Eldrerådet presentert, samt noko av sakene det vert jobba med gjennom året. Om lag 60 personar møtte , og dagen opplevdest å vera vellykka for alle partar.

Då ein av medlemmane i rådet, sit i kommunestyret, vert det på kvart møte informert om saker som skal til handsaming og vedtak der.

Eit viktig dokument er ein vedteken Planstrategi 2024 – 2027. Der finn ein oversikt over kva kommunale planar som skal fremjast eller reviderast til kvar tid. Eldrerådet har bede om å bli informert og involvert tidleg i prosessen i dei planane det er aktuelt å koma med innspel i.

Vi i eldrerådet vil takke for positiv og velviljug innstilling frå alle vi har hatt kontakt og samarbeid med, både på Tingvang og elles i kommuna. Ein serskild takk til sekretæren vår, Målfrid for all god bistand og samarbeid.

Heggenes 10.februar 2025

*Berit Robøle Hegge*

Leiar Berit Robøle Hegge

Årsmelding er vedteke i eldrerådet den: 05.03.2025